



BÅTBYGGING. FOTO: PRESSEFOTO

Båtbyggertradisjon i Bjørkedalen

Artiklar om den heilt spesielle båtbyggjarkulturen i Bjørkedalen er no samla mellom to permar.

Frode Sætre har vore redaktør for den nye boka. Gjennom ei samling av 15 artiklar, med fleire forfattarar og ulike vinklingar, får vi kjennskap til et eit båtbyggjarmiljø og ein båtbyggjarkultur av svært stort omfang, går det fram av ei pressemelding.

Hovudmålsetjinga med artikkelsamlinga har vore å få samla mykje av det skriftlege materialet om båtbygging på Bjørkedalen mellom to permar.

Dette er interessant for trebåtentusiastar, for dei som er interesserte i kystkultur, kystfriluftsliv, historie, språk, og folk med tilknytning til Bjørkedalen, heiter det.

Vidare vil det vere ein kunnskapsbase for studentar ved Høgskulen i Volda, som vert interesserte i bjørkedalsbåtane gjennom Seksjon for idrett og friluftsliv sine kurs på Yksnøya.

Skriftlege kjelder om båtbyggertradisjonen i Bjørkedalen har tidlegare vore spreidd og lite samla, og nokre kjelder har ikkje vore digitalisert.

Når det gjeld vikingskips-epoken, som starta på 70-talet, og varer enno, er det tatt med berre ein artikkel. Her finst det



REDAKTØR: Frode Sætre, førstelektor i idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda. Redaktør og forfattar i artikkelsamlinga Båtbygging på Bjørkedalen. FOTO: PRESSEFOTO

så mykje skriftleg materiale og foto, at dette må verte ei eiga bok, meiner Frode Sætre.

Han er førstelektor i idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda, Seksjon for idrett og friluftsliv. Han er sjølv blant forfattarane i artikkelsamlinga.

Sætre underviser i kystfriluftsliv og er ein ivrig seglar og båtmann.

Han har tidlegare gitt ut fleire bøker om båt, sjøliv og turopplivingar på Sunnmøre.

Overskotet frå salet av artikkelsamlinga vil gå til Bjørkedal kystlag sitt arbeid for å bevare og levandegjere kystkulturen.

LARS INGE SKREDE
lis@smp.no

BIL & 19 MOTOR SHOW

21.-22. SEPTEMBER / SBMARENA.NO
SPAREBANKEN MØRE ARENA

 **FOTOKONKURRANSE**

TEMA

“BILGLEDE”

DEL ditt fineste bilbilde på Instagram og vinn flotte premier!

Premier:

1. Hella comet 200 xenon lyskastere, verdi 7000,- levert av NDS
2. 1 ukes lån av FORD S-Max i høstferien, verdi 4500,- levert av Auto 8-8 Vestlandske
3. Bilstol Axxid, verdi 3995,- levert av Nardo Bilservice - ŠKODA Ålesund
4. Dekkhotell 1 år, verdi 1800,- levert av Aaland Bil
5. 2 stk gavekort på vindusviskere inkl. montering på person/varebil, verdi 500,- stk. levert av Riis Bilglass

Legg ut ditt bilde på Instagram og merk med

#BILOGMOTORSHOW19

&

@BILOGMOTORSHOW

Konkurransen avsluttes 18. september. Les mer om konkurransen og konkurranseregler på sbmarena.no



aaland bil



Sunnmørsposten



Spør ekspertene
om diabetes



På Diabeteslinjen får du svar på spørsmål av erfarne veiledere. I tillegg til norsk svarer vi også på flere andre språk.

Kontakt Diabeteslinjen
hverdager fra 9.00-15.00

diabetesforbundet
diabetes.no/linjen

10 000 krever Romsdalsaksen

Krev du også: www.romsdalsaksen.no